



Statens vegvesen

JOSTEIN HELGESEN HELLESTVEIT
MONGSTADVEGEN 667
5955 LINDÅS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/146647-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.10.2018


Ber om ny søknad – Fv. 57 – Deponi – Fv. 57 – Gnr. 122 bnr. 2 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 28.06.2018.

Kva saka gjeld:

Med heimel i gjeldande kommunedelplan for *Lindåsneset og Mongstad* (2010) har Lindås kommune gjeve løyve til å deponere inntil 200 000m³ massar på gnr. 122 bnr. 2. Arealet er om lag 15 daa og terrenget kan hevast inntil 5 meter, medan snitthøgda er estimert til 3 meter. Området er i dag i drift som dyrka mark, og når driftsperioden er over i 2022 skal arealet tilbakeførast som jordbruksareal.

Med bakgrunn i kommunen sitt vedtak har tiltakshavar søkt om mellombels utvida bruk av avkøyrslø frå fv. 57 til gnr. 122 bnr. 2 i Lindås kommune.



Kart vedlagt søknaden som viser omsøkt område for planering.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vurdering:

Tiltaket ligg langs fv. 57 ved Mongstad, nord i Lindås kommune. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er om lag 3400 køyretøy. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 2* jf. *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrænse for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*.

Arealet er regulert til LNF – føremål jf. gjeldande kommunedelplan. Kommunedelplanen har eigen føresegn pkt. 4.2 som krev reguleringsplan for jorddeponi og massedeponi. Fordi arealet skal ha same føremål når driftsperioden er over har kommunen vurdert at tiltaket ikkje treng dispensasjon frå gjeldande plan. Kommunen vurderer også at tiltaket ikkje kjem inn under forskrift om konsekvensutgreiing, og at det ikkje er trong nabovarsling fordi tiltaket berre grenser til eigen eigedom.

Statens vegvesen meiner at omfanget av tiltaket medfører at saka skulle vore på høyring før det vart fatta eit vedtak. Dersom vi hadde fått anledning til å uttale oss eller fått tilsendt nabovarsel, kunne vi opplyst saka om at det er eit pågåande planarbeid i området for *Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad*. Deler av det omsøkte deponiet ligg innanfor plangrensa og i fyllingsfoten til den nye vegen.

Tiltaket treng eit mellombels avkøyrsløyve frå veg, slik det også er søkt om. Vi vurderer at krava vi har til utforming kan stettast dersom avkøyrsla og tilkomstvegen vert utbetra. Med bakgrunn i forventa bruk og dimensjonerande køyretøy vil vi stille krav om kryssutforming av avkøyrsla. Dette inneber eit skjerpa krav til mellom anna sikt og svingradius. Tilkostvegen må hevast og det kan vere aktuelt å flytte buss-skuret dersom dette kjem i konflikt med siktsona. Andre aktuelle tiltak er vaskeanlegg i samband med utkøyring, for å unngå tilgrising av vegbana.

Tiltaket treng dispensasjon frå byggjegrænse langs veg. Byggjegrænse langs fv. 57 er 50 meter på denne strekninga. Sidan vi ikkje har mottatt teikningsgrunnlag eller profilar for deponiet som syner tiltaket si avgrensing mot fylkesvegen kan vi ikkje vurdere om deponiet er i konflikt med byggjegrænse og framføring av gang- og sykkelveg som er under planlegging.

Det er og av betydning for vegframføringa kva massar som skal lagrast, slik at det ikkje er vert påkrevd å flytte massar når vegen skal byggjast. Vi ynskjer ikkje at framføring av gang- og sykkelveg skal verte dyrare enn naudsynt. Vi kan heller ikkje tillate tiltak innanfor dei areal som er teknisk naudsynte for å realisere planen. Med bakgrunn i at saka ikkje er godt nok opplyst kan vi ikkje ta stilling til om det er aktuelt å gje dispensasjon frå byggjegrænse. Vi minner også om at deponiet ikkje må kome innanfor tryggleikssona til vegen.

Det er gitt løyve til å fylle massar opp til kote 50, og vi meiner dette må vere ein feil. Det må sendast inn profildeikningar som synleggjer kva kotar som er aktuelle.

Vi meiner at forholdet til veg skulle vore avklart før kommunen fatta vedtak i saka. Dette er ein stor svakhet ved søknaden.

Oppsummert:

Vi meiner at saka er for dårleg opplyst til at vi kan ta stilling til tiltaket. Det må sendast inn ny og utfyllande søknad som mellom anna syner profiler over deponiet og tiltaket si avgrensing mot veg. Slik kan vi mellom anna vurdere dreneringsforhold, tiltaket opp mot byggjegrænse langs veg og mot det pågåande planarbeidet for ny gang- og sykkelveg langs fv. 57.

Det må og sendast inn teikningar og profilar over avkøyrsløse og tilkomstveg, som syner at våre krav kan tilfredsstillast. Trafikktryggleiken må vurderast særskilt.

Når vi har mottatt ny og utfyllande søknad vil vi ta endeleg stilling til tiltaket.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ